SOGN REGIONRÅD

System for styrka læring
Barnehage- og skuleutvikling i Sogn 2022 - 2030

LOGOS-temakurs for sertifiserte 2.oktober 2023

Stad: Stadionbygget – rom: STA02-04, Høgskulen på Vestlandet. Sjå kart her: kart-over-campus-sogndal.jpg (7680×4320) (hvl.no)
Tidspunkt: Måndag 2.oktober 2023 kl 09.00-15.30
Målgruppe: Lærarar, spesialpedagogar og PPT-rådgjevarar som er LOGOS-sertifiserte frå før
Lunsj: Ja, inkludert. Meld frå om evt. allergiar i påmeldinga
Deltakaravgift: 300 kr som vert fakturert i etterkant av samlinga (bindande påmelding)

Logometrica arrangerer temakurs for tilsette i skulesektoren i Sogn

Kurshaldar er spesialpedagog Gudrun Tegnander frå Logometrica.

Korleis skilje mellom dysleksi og andre lesevanskar?
Lesevanskar kjem gjerne til uttrykk i form av lesefeil, lang lesetid og/eller vanskar med leseforståinga. I Logos tillegg vi derfor tidsbruken stor vekt i tolkinga. Men korleis skilje mellom generell langsom prosessering og lesevanskar? Og kan ein i det heile teke skilje mellom dei to? Kva meinast med generelle prosesseringsvanskar og korleis identifisere det?

Med utgangspunkt i oppdatert forsking presenterast både utfordringar og forslag til løysningar på nokre av dei problema ein møter i samband med utgreiing og diagnostisering av dysleksi.

Logos fangar opp ulike typar lesevanskar, men det kan vera krevjande å diskriminere mellom ulike årsaksfaktorar. Er det dysleksi, eller er leseutviklinga forseinka av andre årsaker? Mange har både dysleksi og språkvanskar, eller dysleksi og ADHD. Korleis bør ein då gå fram for å vurdere om lesevanskane er primære eller sekundære?

Med utgangspunkt i testresultata i Logos drøftar vi korleis ulike typar vanskar kan påverke leseferdigheitene. NB! Ein må vera LOGOS-sertifisert for å delta på dette kurset. Maks 30 deltakarar!

09.00-11.30	Temakurs (kurshaldar legg inn pausar der det høver)
11.30-12.15	Lunsj i HVL-kantina
12.15-15.20	Temakurs held fram. Pausar undervegs
15.20-15.30	Avslutning med evaluering via QR-kode

Ansvarleg for samlinga:
Anne Marit Aasen, inspektør ved Trudvang skule, Anne.Marit.Aasen@sogndal.kommune.no
Påmeldingsfrist: 22.september 2023 kl 23.00. Meld frå om evt. allergiar i merknadsfeltet.

Velkommen!

Beste helsing frå

Anne Marit Aasen	Ingrid Steine Bortne
Ansvarleg for samlinga	Programleiar barnehage- og skuleutvikling i Sogn regionråd